

# Møteprotokoll

**Utval:** **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** Norsk Bremuseum, Fjærland  
**Dato:** 15.03.2013  
**Tidspunkt:** 10:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster kommune
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Eline Orheim	Medlem	Sogndal kommune
Sven Flo	Nestleiar	Stryn kommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand kommune
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Olve Grotle	Medlem	Førde kommune
Gunnvor A. Sunde	Medlem	Gloppen kommune

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Bolstad	Einar Målsnes	Balestrand kommune

## Merknadar

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/13	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte		
ST 3/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av snøskuter til snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening	2013/899	
ST 4/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om løyve til helikoptertransport til Flatbrehytta 2013-2014	2013/782	
ST 5/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om oppføring av vedbod som tilbygg til Flatbrehytta	2013/613	
ST 6/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Field course in Jostedalsbreen National Park	2012/5164	
ST 7/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve på Sunndalssætra	2012/3058	
ST 8/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Endringar i vedtekten for nasjonalparkstyret	2012/5138	
ST 9/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestillingsdialogmøte 2-2013	2012/4862	
ST 10/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om støtte til opprusting og vedlikehald av Flatbrehytta	2013/612	
RS 1/13	Endringer i vedtekten for nasjonalpark- og verneområdestyrer	2012/5138	
RS 2/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – søknad om løyve til transport med snøskuter til Kvannebakkbu	2013/533	
RS 3/13	Jostedalsbreen nasjonalpark – søknad om kjentmannskøyring i 2013	2013/601	

Orienteringssaker:

- Fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal orienterte på møtet om status og erfaringar som arbeidsgjevar for forvaltarane, med hovudvekt på Jostedalsbreen.
- Det blir nasjonalparkkonferanse i Trondheim 6.-7. november. Meir info om dette kjem seinare.
- Søknad om tiltak på ferdsselsvegen mellom Oppstryn og Loen, og økonomisk stønad til prosjektet, blir behandla av styret etter ei synfaring på stien i vår.

- Anne Rudsgen orienterte om at det blir jobba med å opprette ein organisasjon som har ansvaret for vedlikehaldet av stien til Skålåtårnet.

## **ST 1/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

### **Vedtak**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

## **ST 2/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

### **Vedtak**

Oddmund Klakegg og Sven Flo blei valt til å skrive under protokollen frå førre møte. Kari Bolstad og Sven Flo blei valt til å skrive under protokollen frå dette møtet. Rutinen for underskriving av referat frå møtet blir endra slik at det blir vedteke å skrive under på referatet frå dagens møte, og ikkje det førre.

Arkivsaksnr: 2013/899-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 21.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	3/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av snøskuter til snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48 blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Å nytte ruta gjennom Merradalsbotn (sjå trasé på kartet i dette brevet) med snøskuter som naudrute for å kome seg tilbake til Grotli når det ikkje er mogleg/forsvarleg å bruke ruta direkte frå Rauddalsvatnet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil to turar årleg til snømålestrekks oppstraums Rauddalsvatnet i perioden 1. mars – 30. april i 2013, 2014 og 2015, i tillegg til inntil tre turar med snøskuter for transport av ustyr og material for vedlikehald av bruer på nordsida av Rauddalsvatnet fram til 30. april 2013.
- Bruken av snøskuter til snømåling i Rauddalen skal kombinerast med transporten til vedlikehald av bruer i området så langt det lar seg gjere.
- Køyring i perioden 20. til 30. april skal berre finne stad dersom det er strengt nødvendig.
- Køyring skal ikkje finne stad i påska (frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag) og på sundagar.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsgen på tlf. 95 96 38 88, som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- GLB sender ein skriftleg rapport om gjennomført motorferdsel innan 1. juli til nasjonalparkforvaltaren det enkelte året dersom ruta gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark har blitt brukt.

## **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

### **Handsaming i møte:**

Oddmund Klakegg stilte spørsmål ved om villreininteressene er hørt i denne saka. Nasjonalparkforvaltaren orienterte om at det ikkje er teke kontakt med villreinnemnd eller –utval. Grunnen til dette er at Breheimen nasjonalparkstyre har behandla søknaden som gjeld for størstedelen av traseen, og at det difor er naturleg at villreininteressene har blitt hørt i samband med sakshandsaminga i Breheimen nasjonalparkstyre.

Samrøystes vedteke i tråd med innstilling.

### **Vedtak**

Løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48 blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Å nytte ruta gjennom Merradalsbotn (sjå trasé på kartet i dette brevet) med snøskuter som naudrute for å kome seg tilbake til Grotli når det ikkje er mogleg/forsvarleg å bruke ruta direkte frå Rauddalsvatnet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil to turar årleg til snømålestrekks oppstraums Rauddalsvatnet i perioden 1. mars – 30. april i 2013, 2014 og 2015, i tillegg til inntil tre turar med snøskuter for transport av ustyr og material for vedlikehald av bruer på nordsida av Rauddalsvatnet fram til 30. april 2013.
- Bruken av snøskuter til snømåling i Rauddalen skal kombinerast med transporten til vedlikehald av bruer i området så langt det lar seg gjere.
- Køyring i perioden 20. til 30. april skal berre finne stad dersom det er strengt nødvendig.
- Køyring skal ikkje finne stad i påska (frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag) og på sundagar.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsengen på tlf. 95 96 38 88, som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- GLB sender ein skriftleg rapport om gjennomført motorferdsel innan 1. juli til nasjonalparkforvaltaren det enkelte året dersom ruta gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark har blitt brukt.

### **Saksopplysningar**


#### Dokument i saka:

- Søknad frå GLB datert 20.2.2013
- Løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane datert 12.4.2012

#### Søknaden:

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) søker om å nytte snøskuter til å ressurskartlegge snømengda for avrenning til kraftmagasina i kanten av Breheimen nasjonalpark. Det blir målt tre målestrekker i Breheimen nasjonalpark, to av dei oppstraums Rauddalsvatnet. Målingane oppstraums Rauddalsvatnet blir utført i løpet av to dagar. I tillegg til snømålingane har GLB også ansvar for vedlikehald av tre bruer langs nordsida av Rauddalsvatnet. For utkøyring av utstyr og material i samband med utbetring og vedlikehald av bruene er det behov for køyring inntil tre dagar i året. Ein av dagane kan kombinerast med snømålinga oppstraums Rauddalsvatnet.

Traseen dei normalt vil bruke går frå Grotli til Rauddalsmagasinet som vist på figur 1. Som ei naudløysing ynskjer dei å kunne køyre innom Jostedalsbreen nasjonalpark på veg frå Rauddalen for å kome tilbake til Grotlia. Den traseen går via Merradalsbotn og Mårådalen. Dette er ei naudløysing når føret ikkje gjer det mogleg å kome opp lia frå Rauddalsmagasinet.



**Figur 1: Oversikt over omsøkte trasear, blant anna nødruta gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark. Frå søknaden frå GLB.**

Breheimen nasjonalparkstyre har gitt GLB løyve til inntil to turar med snøskuter årleg til snømålestrekka i Rauddalsfeltet i perioden 1. mars – 30. april i åra 2013, 2014 og 2015, og inntil tre turar med snøskuter i samband med vedlikehald av bruene ved Rauddalsvatnet fram til 30. april 2013. Det er eit vilkår i løyvet at snømålinga skal kombinerast med turane for vedlikehald av bruene så langt det lar seg gjere.

Fylkesmannen har tidligare gitt eit fleirårig løyve til naudruta i åra 2010-2012.

Lovgrunnlag:

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel til dette føremålet. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at «*forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

## Vurdering

Denne delen av Jostedalsbreen nasjonalpark er av dei mest avsidesliggende fjellområda i nasjonalparken. Spesielt vinterstid er det lite annan aktivitet i dette området. Det er difor særskilt viktig å halde området mest mogleg fritt for motorisert ferdsel. Eg har likevel forståing for at det ut frå sikkerheitsomsyn kan oppstå behov for å kunne bruke den alternative ruta gjennom Merradalsbotn.

Bruk av snøskuter fører med seg støy og uroing, som kan vere til skade for dyreliv som villrein, og vere forstyrrende for friluftsliv. Samtidig er forstyrringa bruk av snøskuter fører med seg kortvarig. Det er søkt om inntil inntil fem turar med snøskuter, der traseen som ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark berre vil bli brukt dersom den vanlege ruta ikkje er rå å bruke på veg heimatt. Omfanget av tiltaket er difor lite, og eg vurderer det difor til å ikkje vere i strid med vernevedtakets sitt formål, og til at det med dei rette vilkåra ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Frå tilgjengelege databasar (som naturbasen og artsdatabanken.no), forvaltningsplanen for Jostedalsbreen, NINA Rapport 227 «Villreinen i Ottadalsområdet» og generell kunnskap om området, går det fram at det er fyrst og fremst villreinen i Ottadalen villreinområde som er registrert av biologisk mangfald som i nemneverdig grad kan bli påverka av tiltaket det er søkt om. Området rundt Merradalsbotn er registrert som sommarbeite for villreinen, samtidig som det er viktige trekkvegar nord-sør forbi dette området. Måradalen i Breheimen nasjonalpark er registrert som kalvingsområde. Villrein er utsett for menneskeleg aktivitet, og då særskild seint på vinteren i tida før kalving. Villrein reagerer normalt med frykt mot motorisert ferdsel. Samtidig kan reaksjonen vere større mot til dømes turgåarar. Støy frå snøskutertransport vil likevel kunne påverke villreinen over eit større område enn kva ein skiløpar vil. Vi har mykje kunnskap om villreinen i Ottadalsområdet og korleis villrein reagerer på menneskeleg påverknad. Eg vurderer difor kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok til å kunne vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8).

Som nemnt er dette området av dei brenære områda i Jostedalsbreen nasjonalpark som er mest avsidesliggende, og difor er det òg lite aktivitet her. Eg er ikkje kjent med anna motorisert ferdsel i denne delen av nasjonalparken. Av anna kjend aktivitet er det blant anna noko turaktivitet forbi Kamperhamrane, men berre i sommarhalvåret. Det er difor ein liten samla belastning på denne delen av Jostedalsbreen nasjonalpark. Eit eventuelt løyve vil difor etter mi vurdering ikkje føre til ein for stor samla belastning på området (jf. naturmangfaldlova § 10).

Det er naturleg å setje vilkår til eit eventuelt løyve om at det skal takast omsyn til naturmiljø (jf. naturmangfaldlova § 12) og friluftsliv. Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsengen bør varslast seinast dagen før, slik at han kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar. Av omsyn til friluftsliv bør det ikkje bli gitt løyve på sundagar, og i påskeveka, dvs. frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag. Det er ein fordel om køyringa finn stad tidligast mogleg, slik at ein unngår å uroe villreinen tett inntil kalvinga. Køyring i perioden 20. til 30. april bør difor berre finne stad dersom det er strengt nødvendig at snømåling blir gjort i denne perioden.

Når det gjeld eventuelle skader på naturmangfaldet som ein verknad av tiltaka som det er søkt om, så skal dei lastast tiltakshavar om dei ikkje er urimelege ut ifrå den karakter skaden har (jf. naturmangfaldlova § 11).

Arkivsaksnr: 2013/782-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 25.02.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om løyve til helikoptertransport til Flatbrehytta 2013-2014**

### **Innstilling fra forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt, blir gitt for:

- Inntil sju turar med helikopter årleg for å frakte material og utstyr til Flatbrehytta i samband med opprusting og utviding av hytta. Løyvet gjeld for åra 2013 og 2014.

Løyvet gjeld på fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ikkje heilagdagar og sundagar.
- Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt, og skal kombinerast med anna transport til Flatbrehytta så langt som rå er.
- Under flyginga skal det takast omsyn til dyr- og fugleliv og folk på tur i området.
- Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 95 96 38 88) skal varslast om flyginga seinast dagen før. Ho kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg frå Oddmund Klakegg:

Det blir presisert som eit vilkår at tiltakshavar må ha løyve frå Sogndal kommune og grunneigarar.

Samrøystes vedteke.

## Vedtak

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt, blir gitt for:

- Inntil sju turar med helikopter årleg for å frakte material og utstyr til Flatbrehytta i samband med opprusting og utviding av hytta. Løyvet gjeld for åra 2013 og 2014.

Løyvet gjeld på fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ikkje heilagdagar og sundagar.
- Motorferdsela avgrensar seg til det som er strengt naudsynt, og skal kombinerast med anna transport til Flatbrehytta så langt som rå er.
- Under flyginga skal det takast omsyn til dyr- og fugleliv og folk på tur i området.
- Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 95 96 38 88) skal varslast om flyginga seinast dagen før. Ho kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente løyve frå Sogndal kommune og grunneigarar.

## Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå Andre Øygard datert 15.2.2013
- Løyve til helikoptertransport og utviding av Flatbrehytta frå Fylkesmannen datert 30.5.2005

Søknaden:

Det er søkt om løyve til helikoptertransport av material og utstyr til Flatbrehytta i samband med opprusting og utviding av hytta i 2013 og 2014. I søknaden er det opplyst om at det vil vere behov for fire turar ved oppstart og tre turar ved avslutning begge åra. Det står òg i søknaden at dette er eit minimum, og at det kan bli behov for fleire turar. Tidsperiode for arbeidet vil bli ca. mellom 1. juni og 15. september, men det står i søknaden at det er vanskelig å sei eksakt kor tid på sommaren arbeidet blir starta og avslutta kvart år.

Fylkesmannen gav løyve til utviding av Flatbrehytta i 2005. Det blei samtidig gitt løyve til naudsynt helikoptertransport av material og verktøy for å kunne gjennomføre bygginga. Det blei ikkje sett avgrensing på tal turar eller periode for gjennomføring av bygginga og transporten. Arbeidet har tatt mykje lengre tid enn det som var forventa, og er framleis ikkje avslutta. I 2009 blei det gitt eit nytt løyve frå Fylkesmannen til fullføring av byggearbeidet. For å halde kontroll med den motoriserte ferdsala har eg bedt dei om å søkje om nytt løyve til den transporten som er naudsynt for å fullføre prosjektet.

Det er òg søkt om utviding av eit fleirårig løyve til helikoptertransport i samband med den årlege drifta av Flatbrehytta. Løyvet gitt av Fylkesmannen i 2009 gjeld frå 2009 til og med 2013 (ikkje til og med 2014 slik det står i søknaden). Dette løyvet er på tre

helikopterflygingar med inntil fire turar kvar gong. Sidan dette løyvet gjeld til og med 2013 meiner eg det er naturleg at ein forlenging av dette løyvet ikkje blir behandla før til neste år.

I søknaden er det nemnt at det er naturleg å kombinere transporten til den årlege drifta av Flatbrehytta og transporten i samband med opprustinga og utvidinga av hytta, men at det uansett er naudsynt med det totale talet på turar det er søkt om til utbygging og drift av hytta.

#### Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er blant anna å verne eit stort og verdfullt bremråde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, og å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er opna for å gi løyve til motorferdsle for transport av material til hytter, klopper, m.m, og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt.

Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsela til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3, andre avsnitt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

#### **Vurdering**

Flatbrehytta ligg ope til, med utsyn mot Fjærland. Det er store landskapsverdiar knytt til området, og området er viktig for friluftslivet. Fråvere av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i utmark generelt. Stort omfang av motorferdsel vil kunne vere uehdlig for både fugle- og dyrelivet og kan i tillegg påverke naturopplevelinga. Det er difor eit mål å avgrense motorferdsel i nasjonalparken til berre det mest naudsynte.

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark slår fast at det vil bli gitt løyve til naudsynt motorisert ferdsl i samband med drift og vedlikehald av opne turlagshytter. Dette må kunne tolkast til også å gjelde ved utvidingar det er gitt løyve til.

Forvaltninga har god kjennskap til naturkvalitetane i området og effektane av motorferdsel. Eg meiner difor at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8).

For å få gjennomført byggjeprosjekt som det er gitt løyve til, må det gis løyve til den helikoptertransporten som er nødvendig. For å unngå at eit løyve fører til ein presedens i seinare saker som igjen kan føre til stor samla belastning i området (jf. naturmangfaldlova § 10), er det likevel naturleg å sette eit tak på tal turar per år. Samtidig vil bruken av helikopter til ein viss grad avgrense seg sjølv, sidan det er svært

kostbart. For å unngå at det blir for lite turar bør det bli gitt løyve til «nok» utifrå det som er søkt om. Det er søkt om minimum sju turar i året. Sidan transporten til ein viss grad kan kombinerast med det årlege løyvet til transport av varer til drifta av hytta (12 turar), bør det vere tilstrekkeleg med eit løyve til inntil sju turar til transport i samband med bygginga. Bruk av helikopter blir sett på som det mest føremålstenlege i høve til andre typar motorisert ferdsel i dette tilfellet. Det er naturleg å sette vilkår i eit eventuelt løyve som sikrar at det blir tatt omsyn til naturmiljø (jf. naturmangfaldlova § 12) og friluftsliv. Statens naturopsyn (SNO) ved Anne Rudsengen bør varslast seinast dagen før, slik at ho kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar. Av omsyn til friluftsliv bør det ikkje bli gitt løyve til flyging på sundagar og heilagdagar. I søknaden er det nemnt at flyginga mest truleg vil bli gjennomført i perioden 1. juni til 15. september. For å unngå at løyve blir gitt til ein for snever periode meiner eg det bør bli gitt løyve som gjeld for heile året, med unntak av søndagar og heilagdagar, som nemnt over.

Bruken av helikopter er ikkje venta å gi direkte skade på naturmiljøet, og eg vurderer det slik at prinsippet i naturmangfaldlova § 11 ikkje er aktuelt i dette tilfellet.

Arkivsaksnr: 2013/613-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 25.02.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om oppføring av vedbod som tilbygg til Flatbrehytta**

### **Innstilling fra forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen pkt. IV, 1.3, første strekpunkt, blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Oppføring av vedbod som eit tilbygg til Flatbrehytta som omsøkt og i samsvar med tilsendte teikningar i dette dokumentet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Tilbygget får same farge som resten av hytta.
- Etter at byggearbeidet er ferdig skal det ryddast opp rundt hytta.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Vedtak i tråd med innstillinga.

#### **Vedtak**

Løyve med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen pkt. IV, 1.3, første strekpunkt, blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Oppføring av vedbod som eit tilbygg til Flatbrehytta som omsøkt og i samsvar med tilsendte teikningar i dette dokumentet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Tilbygget får same farge som resten av hytta.
- Etter at byggearbeidet er ferdig skal det ryddast opp rundt hytta.

## Saksopplysningar


### Dokument i saka:

- Søknad frå Jostein Øygard datert 16.1.2013

### Søknaden:


Det er søkt om byggje ei vedbod som eit tilbygg på Flatbrehytta. Tilbygget vil ha flatemåla 1,25 m x 2,5 m, og høgde ca. 1,75 m. Vedboda vil bli eit tilbygg på hytta mot nordaust (figur 1).

Søkjar har informert meg om at ved i dag blir lagra i sekker utandørs under bølgjeblekk. Veden blir ofte våt, og brukarane av hytta har erfart at dette er ei dårlig løysing. Det er ikkje plass til ved i hytta slik ho er i dag, og det er difor søkt om å byggje ei lita vedbod som eit tilbygg på hytta.



Figur 2: Teikning av det planlagde tilbygget, frå søknaden.

E-4



Figur 3: Teikning av det planlagde tilbygget, fra søknaden.

### Lovgrunnlag:

Jf. verneforskrifta pkt. IV, 1.3, første strekpunkt, kan forvaltningsstyresmakta når særlege grunnar ligg føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerala korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at ei påtenkt utviding av Flatbrehytta på grunn av auka bruk er vurdert som ikkje særleg konfliktfylt. Her er det vist til utvidinga som det allereie er gitt løyve til. Denne søknaden omfattar ikkje ei utviding av kapasiteten på hytta, men vil betre tilhøva for lagring av ved. Tiltaket vil difor ikkje føre til ein auka kapasitet på hytta.

Eit eventuelt påbygg skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og vere tilpassa landskapet i området, jf. verneforskrifta pkt. IV, 1.3, første strekpunkt. Vedboda er tenkt som eit påbygg på eine kortveggen på hytta. Slik som teikninga i søknaden viser tilbygget (figur 1) vil det ha ei utforming som er lik resten av bygget. Det ser ut til å bli lite dominerande i landskapet, dels skjult bak ein stein som ligg inntil hytta (sjå figur 2). Det er forståeleg at drivarane av hytta ser behovet for ei vedbod, slik at veden blir

lagra tørt. Dette kan vurderast som ein særleg grunn til å gi løyve til utviding av hytta. Vilkåra for å gi løyve, jf. verneforskrifta pkt. IV, 1.3, første strekpunkt, er såleis til stades.



Figur 4: Tilbygget vil bli liggjande dels skjult bak steinen til venstre for hytta.

Flatbrehytta ligg på om lag 980 moh. like nedanfor Flatbreen. Hytta er mykje brukt blant anna i samband med brekurs, og som utgangspunkt for kryssing av Jostedalsbreen. Hytta har òg ein viktig funksjon som nødbu ved uvêr og skredfare, og som utgangspunkt for redningsaksjonar på Jostedalsbreen. Stien frå Øygard til Flatbrehytta og vidare mot Flatbreen er ein av dei mest brukte innfallsportane til Jostedalsbreen.

Erfaring frå forvaltninga viser at bruken av Flatbrehytta er lite konfliktfylt opp mot verneverdiane. Det enkle friluftslivet er òg eit av verneføremåla, og difor er det positivt at hytta blir vedlikehalde, slik at ho kan oppretthalde den funksjonen og kapasiteten ho har i dag. Påbygget av ei vedbod vil som nemnt ikkje auke kapasiteten på hytta, og difor ikkje føre til eit auka press på området. Eg vurderer kunnskapen om området og tiltaket til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8).

Som nemnt vil ikkje tiltaket i seg sjølv auke kapasiteten på hytta. Med dei rette vilkåra vil heller ikkje tiltaket føre til ein belastning på økosystemet på andre måtar, og eit eventuelt løyve vil difor ikkje føre til ein for stor samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10). Det er naturleg at det blir rydda opp etter byggearbeidet. Ut over det er det ikkje naturleg å sette ytterlegare vilkår til løyvet for å avgrense skader på naturmangfaldet (jf. naturmangfaldlova § 12). Viss det skulle oppstå skader på naturmangfaldet som ein verknad av tiltaket som det er sökt om, så bør dei lastast tiltakshavar om dei ikkje er urimelege ut ifrå den karakter skaden har (jf. naturmangfaldlova § 11).

Arkivsaksnr: 2012/5164-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 28.02.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Field course in Jostedalsbreen National Park**

### **Recommendation from the secretariat**

Permission according to section 48 in the Nature Diversity Act to install two weather stations in front of Bødalsbreen, a wind and temperature sensor near Bohrsbreen/Lodalskåpa, mobile measurements of various climatological, hydrological and glaciological parameters and non-permanent ablation stakes on Bødalsbreen.

The permission is given on terms that

- Permission is granted for the period July and August 2013.
- All traces from the installations shall be removed when the project is finished
- All garbage shall be carried out of the national park

We inform you that you also need a permission from the property owners, Bødal Sameige, for installing measurement equipment in the area.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Proposal from Eline Orheim:

An additional term that if there will be produced a report from the field work, as well as for field studies from the recent years (results/findings etc.), Jostedalsbreen nasjonalparkstyre would like to receive a copy of this.

Decided like the recommendation, with the additional term.

## **Decision**

Permission according to section 48 in the Nature Diversity Act to install two weather stations in front of Bødalsbreen, a wind and temperature sensor near Bohrsbreen/Lodalskåpa, mobile measurements of various climatological, hydrological and glaciological parameters and non-permanent ablation stakes on Bødalsbreen.

The permission is given on terms that

- Permission is granted for the period July and August 2013.
- All traces from the installations shall be removed when the project is finished
- All garbage shall be carried out of the national park
- If there will be produced a report from the field work, as well as for field studies from the recent years (results/findings etc.), Jostedalsbreen nasjonalparkstyre would like to receive a copy of this.

We inform you that you also need a permission from the property owners, Bødal Sameige, for installing measurement equipment in the area.

## **Case circumstances**

### Documents

- The application from the RWTH Aachen University of 19.12.2012

### The application

Tobias Sauter at the Department of Geography at the RWTH Aachen University in Aachen, Germany, is applying for permission to conduct a field course in Bødalen in the period of July 25<sup>th</sup> to August 8<sup>th</sup> 2013. The group will comprise about twelve master students with major in physical geography, and two supervisors.

The field work will include installation of two weather stations (AWS) in front of Bødalsbreen, a wind and temperature sensor near Bohrsbreen/Lodalskåpa and mobile measurements of various climatological, hydrological and glaciological parameters. They would also like to install some non-permanent ablation stakes on Bødalsbreen, to carry out mobile measurements on the glacier.

Tobias Sauter says in the application that they are aware of the fact that they will be working in a protected area, and therefore will behave with caution to the environment. During the field work they will stay nearby the official paths and thereby hardly affect the ecosystem. After the field work they will de-install the two AWS completely so that no holes in the ground and no litter are left behind neither in the valley itself nor on the glacier.

## National park rules

Scientific research in Jostedalsbreen National Park is permitted, and also having a student course in the park does not come in conflict with park rules. What needs a permission, is the installation of two automatic weather stations (AWS), a wind and temperature sensor near Bohrsbreen/Lodalskåpa, and the non-permanent ablation stakes on the Bødalsbreen. A permission will have to be granted according to section 48 in the Nature Diversity Act, which replace the national park statutes, pt. VI.

## **Consideration**

The group from the RWTH Aachen University has conducted similar field course in the region of Lodalen and Bødalen in 2009 and 2010.

According to the Nature Diversity Act, section 48, an exception from the National Park Rules can be made if the activity is not ambivalent to the purpose of the National Park, and as long as it will not substantially influence the nature. The purpose of Jostedalsbreen National Park is among others to protect a large area in its original condition, without any major human interference. Also the National Park shall be a place for simple outdoor life.

There is a prerequisite that the activity derived from this application does not cause any substantial harm on the environment. This is stated in the application, and it is also a prerequisite for an permission. All tough the field course could occur as an activity that one might not expect to find in a protected area, I assume there is a high tolerance for studies on a topic that is related to the purpose of the National Park. I therefore consider the activity as not being ambivalent to the purpose of the National Park, and that it will not substantially influence the nature.

In the management plan for Jostedalsbreen National Park scientific research is regarded as valuable in order to increase knowledge of nature, with a precaution that the activity does not alter the ecology. In this case I evaluate the impact on nature as small, and the advantages of the research as exceeding the disadvantage for nature since the impact will be small and of temporary character.

Bødalen is a flat valley surrounded by steep mountains and glaciers. The valley has both biological and geological characteristics which is vulnerable to human activity. The area in front of Bødalsbreen has a rich flora, which originates from the chalk in the ground in this area. The area surrounding Sætrevatnet is registered as a very important type of nature ([miljostatus.no](#)). The impact of the research activity described in the application will be small and of temporary character. I therefore consider the knowledge base as sufficient to consider the application (see Nature Diversity Act, section 8).

Bødalen and Bødalsbreen is being subject to a lot of human activity, as being one of the most visited sites in the National Park. The activity is mostly concentrated to the paths, and of a type that is considered as not being of considerable harm to the nature. The activity derived from the field course will not lead to a great increase in the cumulative environmental effects, and the pressure on the ecosystem in this area is not considered to be too great (see Nature Diversity Act, section 10).

The use of non-permanent ablation stakes and mobile measurement that will be de-installed and leave no holes in the ground seems to be the best environmentally sound techniques and methods (see Nature Diversity Act, section 12).

Arkivsaksnr: 2012/3058-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 15.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve på Sunndalssætra**

### **Innstilling fra forvaltaren**

Søknaden om landing med helikopter på Sunndalssætra, med heimel i naturmangfaldlova § 48, blir avslått.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Nasjonalparkforvaltaren informerte i møtet om at det i søknaden er argumentert med at Sunndalssætra sameige har eit årleg løyve til transport, og at søkeren difor ynskjer eit tilsvarande årleg løyve. Nasjonalparkforvaltaren gjorde greie for at Sunndalssætra sameige *ikkje* har eit slikt løyve, og at dette argumentet difor ikkje kan vektleggjast i vurderinga av søknaden.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

#### **Vedtak**

Søknaden om landing med helikopter på Sunndalssætra, med heimel i naturmangfaldlova § 48, blir avslått.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad i brev datert 8.1.2013
- Løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i brev datert 13.7.2012

### Søknaden

Søknaden gjeld landing med helikopter på Sunndalssætra. Føremålet med helikopterten er å frakte dottera til søkeren, som er rørslehemma, inn til Sunndalssætra. Familien til søkeren har sel på Sunndalssætra. Søkeren har sterkt tilknyting til staden, og var ofte der før ho vart rørslehemma. Sjukdom og ei traumatiske opplevelse har ført til at dottera til søkeren no er rørslehemma. Søkeren har opplyst at det vil vere som terapi for dottera å få kome inn til Sunndalssætra. Søkeren fekk løyve til to landingar med helikopter på Sunndalssætra i fjor, for å frakte inn og ut dottera til søkeren (sjå sak 28/12, arkivsaksnr. 2012/3058). Det blir no søkt om eit tilsvarende løyve til ein tur (inn- og utfraiking) for dottera til søkeren årleg.

### Lovgrunnlag

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til motorferdsel med føremål persontransport. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I tillegg naturmangfaldlova § 48, første avsnitt, kan forvalningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom «*det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Ved utøving av offentleg mynde skal òg prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer for vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

### Vurdering

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Naturen sine eigne lydar, «stillheit» og fråverke av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum. I forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står fylgjande om motorisert ferdsel til den type føremål det er søkt om her:

*«Å vere funksjonshemma, sjuk eller gammal er i seg sjølv **ikkje** god nok grunn til å få dispensasjon for motorferdsel. Vi vil vere svært restriktive ved handsaminga av denne typar søknader. Det er m.a. mange andre stader ein kan nå attraktive høgfjellsområde (også i rimeleg nærleik) med bil. Heller ikkje etter lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter er det høve til å gje slike løyve.»*

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiene nemneverdig. Dersom desse to vilkåra

er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita si skjønn innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslige reglar og retningslinjer og instruksar frå overordna myndigkeit å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

I kommentarutgåva til naturmangfaldlova (Inge Lorange Backer 2010) er omsynet til søkeren sine interesser generelt, og funksjonshemming spesielt, omtala slik:

*«Søkerens egne interesser er ikke tilstrekkelig til at dispensasjon kan gis. Det gjelder både for personlig og næringsmessig (økonomisk) interesse. I praksis kan hensynet til søkeren selv lettast ivaretas ved dispensasjon etter det første alternativet, nemlig når tiltaket ikke strider mot verneformålet og heller ikke skader verneverdiene nevneverdig.»*

*Funksjonshemming er altså ikke i seg selv tilstrekkelig til å gi grunnlag for dispensasjon til motorferdsel i et verneområde. Både verneformålet og prinsippet om samlet belastning vil i mange tilfelle gjøre at det ikke er rettslig adgang til å gi slik dispensasjon for funksjonshemmerte generelt. Dette kan ikke anses for å stride mot forbudet mot indirekte diskriminering i lov 20. juni 2008 nr. 42 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne § 4 første jf. tredje ledd. Men har den funksjonshemmerte en nærmere tilknytning til området, kan det få betydning ved skjønnsutøvingen og gi grunnlag for dispensasjon for enkeltstående turer.»*

I løyvet som blei gitt i fjar blei det lagt vekt på at ein tur til Sunndalssætra var så viktig for søkeren at dei personlege omsyna måtte vege tungt i den saka. Vidare blei det lagt vekt på at eit enkelt løyve ikkje ville føre til presedens ved seinare søknadar. Eit nytt løyve vil kunne føre til den presedensen som ein ynskjer å unngå. Presedensen vil kunne føre til at det blir gitt liknande løyve som igjen vil føre til ein stor samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10). Utstrakt bruk av motorisert ferdsel i nasjonalparken kan vere til skade for fugle- og dyreliv, samtidig som det er eit uromoment som er forstyrrende for naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv. Tiltaket er difor i strid med verneføremålet og kan påverke verneverdiane nemneverdig, og det er difor ikkje heimel til å gi løyve etter naturmangfaldlova § 48.

Sidan eg vurderer det til å ikkje vere heimel til å gi løyve etter naturmangfaldlova § 48, går eg ikkje nærmare inn på vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arkivsaksnr: 2012/5138-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 28.01.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	8/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Delegering av mynde til nasjonalparkforvaltaren**

### **Innstilling fra forvaltaren**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir nasjonalparkforvaltaren mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld søknad om løyve etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Fleire av styremedlemmene peikar på at det er fleire ting som er uavklart med denne ordninga. Blant anna er klagebehandlinga uavklart. Styret meiner likevel at det kan delegerast mynde til forvaltaren, samtidig som det er forventa at det kjem ei presisering av ordninga frå Miljøverndepartementet.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir nasjonalparkforvaltaren mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld søknad om løyve etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Brev fra Miljøverndepartementet datert 17.12.2012

Miljøverndepartementet har vedteke ei endring i vedtekten for nasjonalparkstyra. Punkt 6 om sekretariatet til nasjonalparkstyret har hatt fylgjande ordlyd:

#### «6. Nasjonalparkstyret sitt sekretariat

*Sekretariat for nasjonalparkstyret består av ein nasjonalparkforvaltar som vert tilsett av fylkesmannen i Sogn og Fjordane i dialog med styret. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har personalansvar for nasjonalparkforvaltaren. Sekretariatet kan fremme innstillingar overfor styret om saker som gjeld forvaltning av verneområdet.*

*Sekretariatet er underlagt nasjonalparkstyret i alle saker som gjeld forvaltninga av verneområda.*

*Inntil det er tilsett nasjonalparkforvaltar skal fylkesmannen i Sogn og Fjordane ha sekretariatansvaret for nasjonalparkstyret og er i utøvinga av denne sekretariatfunksjonen underlagt nasjonalparkstyret i alle saker som gjeld forvaltning av verneområda.*

*Miljøverndepartementet vil utarbeide eigen instruks for prosessen knytt til tilsetting av nasjonalparkforvaltar.»*

Den nye ordlyden i punkt 6 i vedtekten er slik:

*«Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av en nasjonalparkforvalter som ansettes av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og i dialog med styret. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har personalansvaret for nasjonalparkforvalteren. Sekretariatet kan fremme innstillinger overfor styret om saker som gjelder forvaltning av verneområdet. Sekretariatet er underlagt nasjonalparkstyret i alle saker som angår forvaltningen av verneområdet.*

*Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel.*

*Det er ikke anledning til å delegere adgangen til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.*

*Forvalterens vedtak skal treffes i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikke foreligger godkjent forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.*

*Miljøverndepartementet har utarbeidet egen instruks for prosessen knyttet til ansettelse av nasjonalparkforvalteren.»*

Høve til delegering inneber at forvaltaren kan få mynde til å behandle alle søknadar om motorisert ferdslle etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3. Ordlyden i denne paragrafen er slik:

*«4.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til:*

- *motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst,*
- *motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer,*
- *motorferdsle i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon,*
- *motorferdsle i samband med øving i redning frå bresprekk.*

*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*

*Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt. 4.3.»*

## **Vurdering**

Erfaring frå fleire verneområdestyre viser at styra må handsame svært mange søknadar om motorferdsle. Samtidig som at dette er tidkrevjande kan det òg vere utfordrande å få arrangert møte i styret eller arbeidsutvalet tidsnok, sidan søknadane ofte kjem inn kort tid før motorferdsla skal finne stad. I Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har vi òg erfart at det må arrangerast møte på kort varsel for å handsame søknadar om motorferdsle. I 2012 behandla arbeidsutvalet to motorferdselssaker, medan nasjonalparkstyret behandla seks saker. Av dei seks sakene nasjonalparkstyret behandla var fire av dei vedtak etter naturmangfaldlova § 48, som i alle tilfelle ikkje kan delegerast til forvaltaren. Det ser difor ikkje ut til at ei slik delegering vil omfatte mange saker i året.

Ei eventuell delegering vil difor truleg ikkje omfatte mange saker i året. Likevel vil det førekome at møte må arrangerast på kort varsel for å behandle slike saker i styret/arbeidsutvalet, og eg rår difor til at styret går inn for delegering til nasjonalparkforvaltaren.

Arkivsaksnr: 2012/4862-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 05.03.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	9/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestillingsdialogmøte 2-2013**

### **Innstilling fra forvaltaren**

Sekretariatet legg fram saka utan innstilling.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Styret kom fram til følgjande fordeling av midlane:

Øygard-Flatbrehytta	600.000,-
Kamperhamrane	600.000,-
Bakkedalen	100.000,-
Tiltaksmidlar til andre prosjekt:	100.000,-
<b>Sum:</b>	<b>1.400.000,-</b>

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fordeling av midlane:

Øygard-Flatbrehytta	600.000,-
Kamperhamrane	600.000,-
Bakkedalen	100.000,-
Tiltaksmidlar til andre prosjekt:	100.000,-

Sum:	1.400.000,-
------	-------------

## Saksopplysningar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt 1.200.000,- som kan brukast til tiltaka som blei meldt inn gjennom bestillingsdialogen i haust. I bestillingsdialogen i haust blei det ført opp tiltak til ein samla sum av 2.447.000,- (sjå tabell 1).

I tillegg til 1.200.000,- til dei prioriterte tiltaka, har styret 200.000 i frie tiltaksmidlar. Desse midlane kan òg brukast på tiltaka som blei ført opp i bestillingsdialogen, men i motsetnad til resten av midlane kan dei òg brukast på andre tiltak/føremål.

**Tabell 1: Frå bestillingsdialogkjemaet.**

Beskrivelse <i>(fritekst)</i>	Omsøkt beløp:
Øygard-Flatbrehytta, sjå vedlegg 1	860 000
Kamperhamrane, sjå vedlegg 1, 5a og 5b	599 000
Naturformidling, sjå vedlegg 2	100 000
Bakkedalen, sjå vedlegg 3 frå Jostedal Sankelag ved grunneigarane knytt til Prestegarden og Bakken (10 bruk)	100 000
Sekkepost for stitiltak, sjå vedlegg 4	100 000
Lundeskaret, sjå vedlegg 1	688 000

## Vurdering

Styret må gjere ei vurdering av korleis midlane skal brukast. Det vil bli lagt fram eit forslag til bruk av midlane på møtet.

Arkivsaksnr: 2013/612-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 05.03.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	10/13	15.03.2013

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om støtte til opprusting og vedlikehald av Flatbrehytta**

### **Innstilling fra forvaltaren**

Sekretariatet legg fram saka utan innstilling.

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013**

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg frå Oddmund Klakegg:

Nasjonalparkforvaltaren utarbeider eit framlegg til retningslinjer for bruk av frie tiltaksmidlar til neste styremøte. Saka blir difor utsett til neste styremøte.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkforvaltaren utarbeider eit framlegg til retningslinjer for bruk av frie tiltaksmidlar til neste styremøte. Saka blir difor utsett til neste styremøte.

## **Saksopplysningar**

Jostein Øygard søker om støtte til opprusting og vedlikehald av Flatbrehytta, ei privateigd hytte som er open for ålmenta. Flatbrehytta blir brukt i samband med brekurs, og er utgangspunkt/endepunkt for turar på langs av Jostedalsbreen

Det er ikkje søkt om ein spesifikk sum, men i søknaden er det ramsa opp kva utgifter dei har hatt dei siste åra, og forventar å få i 2013 og 2014. I 2013 er det forventa utgifter på 259.000,- fordelt på 89.000,- til material, 135.000,- til dognadsarbeid og 35.000,- til helikoptertransport. I 2014 er det forventa utgifter på 147.000,-, fordelt på 62.000,- til material, 60.000,- til dognadsarbeid og 25.000,- til helikoptertransport.

For meir detaljar viser eg til søknaden frå Jostein Øygard.

## **Vurdering**

Når ein trekkjer frå utgifter til dognadsarbeid er det i 2013 og 2014 forventa utgifter på til saman 211.000,-, fordelt på 151.000,- til material og 60.000,- til helikoptertransport. Eg vurderer det til å vere mest aktuelt å bidra med midlar til å dekke kostnadene til materialar. Sidan eit eventuelt bidrag frå dei frie tiltaksmidlane (200.000,-) kjem an på korleis bruken av bestillingsdialogmidlar blir fordelt på dei prioriterte prosjekta, legg eg fram saka utan tilråding.